

LOV og EVANGELIUM

Nr. 3

MARS 1995

31. årgang

Hva gir ditt liv mål og mening?

(Luk. 16, 19-31)

Av Øivind Andersen

I dette ordet skildrer Jesus for oss en mann som går fortapt og en mann som blir frelst.

Den mannen som går fortapt ble sikkert lovprist av mange som et lykkelig menneske. Han hadde alt det som mennesker av denne verden setter pris på. Han var rik, kledd seg i de fineste klær og var etter alt å dømme en aktet mann. Da han døde, ble det en stor begravelse. Alt tyder på at han menneskelig sett også var en bra mann. Det er ikke sagt et eneste ord om noe galt eller uverdig ved ham.

Men midt i sin lykke var han fortapt og måtte gå fortapt. Det kommer, sier Jesus, av at han har funnet sitt gode i sin levetid. Det betyr ikke at han måtte gå fortapt fordi han var rik og hadde det godt i verden. Men det kom av at dette tilfredsstilte hans hjerte, det var livets mål og menig for ham. Han hadde intet gode utenom det som denne verden har å gi.

Ganske annerledes var det med Lazarus. Han ble frelst og salig, ikke fordi han var fattig, men fordi han hadde hørt

Moses og profetene, det vil si Guds Ord. Han hadde funnet det som tilfredsstilte hans hjerte i Guds eget Ord og i hans frelse.

Det som kjennetegner et frelst menneske, er nettopp det som David sier i Salme 16. "Jeg sier til Herren: Du er min Herre, jeg har intet gode utenfor deg."

Den som lever med Gud, kan ikke tilfredsstilles med noen av denne verdens goder, om han enn har det aldri så godt. Han har ikke funnet mål og mening med livet i det som hører denne verden til. Han har ene og alene funnet det i Jesus og hans frelse, i syndenes forlatelse og det evige liv.

Så blir da spørsmålet for deg og meg: *Hva er det som gir vårt liv mål og mening?* "For meg er livet Kristus, og døden en vinning." (Fil. 1.21.)

Hva er livet for deg? "Da sa Jesus til henne: Jeg er oppstandelsen og livet. Den som tror på meg skal leve om han enn dør. Og hver den som lever og tror på meg, skal aldri i evighet dø. Tror du dette?" (Johs. 11.25-26)

Hva blir døden for deg?

BLADET UΤGIS AV

NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON

Bladet LOV og EVANGELIUM

utgis av NLL og blir sendt gratis til alle som sender ekspedisjonen navn og adresse. Bladet kommer med 10 nr. i året, og blir holdt opp av frivillige gaver.

Abonnement, oppsigelse og adresseforandring sendes **ekspedisjonen** v/ Dag Rune Lid, 5600 Norheimsund, tlf. 56 55 26 72.

Gaver til bladet kan sendes kasserer i NLL, Margrete Frafjord, tlf. 51 71 06 29.
Postgiro 0801.5682133.

Redaksjon: Styret i NLL, v/ Ragnar Opstad,
Opstadv. 38, 4350 Nærbo.
Telefon/ telefax 51 43 36 85.

NORSK LUTHERSK LEKMANNSMISJON

ble grunnlagt i 1963 av venner av den luthersk-rosenianske forkynnelse, og ønsker å forkynne Guds Ord i skrift og tale både hjemme og ute på misjonsmarken.

Formann Karl B. Bo
Vistnesven. 13, 4070 Randaberg,
telefon/ telefax 51 41 87 46.

Sekretær Håvar Fjære, Goksjøruta,
3220 Sandefjord, tlf. 33 11 08 31.

Kasserer Margrete Frafjord, 4164 Fogn,
tlf. 51 71 06 29.
Postgiro 0801.5682133.
Bankgiro 3204.10.10222.

BIBELSKOLEN PÅ FOSSNES

ble grunnlagt i 1992, og eies og drives av NLL. Skolen har både halvårig- og ettårig kurs, og det er også adgang til å følge undervisningen i kortere perioder.

Skolen ønsker å formidle tillit til Guds Ord og spørre etter de gamle stier (Jer. 6.16), samt fremme den arv vi har fra lekmannsbevegelsen og våre lutherske lærefedre.

Adr. 3160 Stokke
Telefon 33 33 93 98. Fax 33 33 91 40.
Bankgiro 2490.45.39496.
Postgiro 0825.0771534.

Rektor Per Bergene Holm,
3282 Kvelde, tlf. 33 11 26 96.

Som døende og se vi lever

(2. Kor. 6.9)

Gud lar ofte sine barn bli kraftløse og nedtrykte, så alle mener at nå er det forbi med dem, nå er det ute med dem. Men i samme stund er Guds kraft størst hos dem. For der menneskets egen kraft går ut, der går Guds kraft inn, når troen er tilstede og de venter på Gud.

På den andre siden lar Gud sine fiender komme seg opp og bli store og mektige. Han drar sin hjelp tilbake, og lar dem blåse seg opp i sin egen kraft. For der menneskets egen kraft går inn, der går Guds kraft ut. Når så ballongen er full, og alle mener at de er ovenpå og har seier, kjerner seg sterke og freidige, da stikker Gud hull på ballongen og det er ute med dem.

Slike dårer vet ikke at nettopp når de kommer seg opp og blir sterke, da forlater Gud dem, og Guds arm er ikke med dem.

Fritt oversatt etter Luther

*Vår trensgel, hvor besværlig
den også synes kan,
er for Guds folk en herlig
og uskattelig stand;
Vår trengsel er en gave
av Jesu milde hånd,
et tegn som de skal have,
som drives av Guds Ånd.*

H. A. Brorson

Kvifor skal den kristne ha trengsla?

Av Ludvig Hope

Var det ikkje betre ein kristen slapp det? La oss ei stund sokja å finna litegrann av svaret på dette spørsmålet. Alle som har levd ei tid med Gud og som vaker over seg sjølv, har så smått teke til å sjå kor lett me har for å tru godt om oss sjølve.

I eigne augo vert me då betre enn andre kristne; dei mistak som andre gjer, ser me så godt, men ikkje våre eigne; vår eigen kristendom vert stor for oss, andre sin minkar bort.

Denne faren er stor. Til og med Paulus kom ut for han. Høyr det han seier, det er ord som er verd å ta til hjarta: "For me vil ikkje, brør, at de skal vera uvitande om den trengsla me laut tola i Asia. Ho var umåteleg tung, tyngre enn det me kan bera, så me jamvel tvila på om me kunne berga livet. Me rekna oss alle som dødsdømde, så me ikkje kunne lita på oss sjølve, men på Gud, som vekkjer opp dei døde." 2. Kor. 1.8-9

Når så trengsla kjem, så får me røyna kor lite me maktar. Då minkar vårt mot. Dei store tankane er ikkje meir. Me vert nedtrykte i oss sjølve, men må inn til Jesu hjarta.

*"Vår trengsel gjør oss trette
av verdens slaveri,
og derimot så lette*

å gå på livets sti.

*Vår trengsel gjør bestandig
i Jesu rene sind,
frimodig, sterkt og mandig
å gå i striden inn."*

Når så gullet over elden minkar i mengd, så veks det i verdi. Dette er ein av grunnane til at me må ha trengsla. Men her er også andre grunnar.

Den kristne skal ha trengsla for å læra den høge, sæle kunst å hjelpe sine lidande brør i verdi. Difor seier Guds ord: "Lova vere Gud, vår Herre Jesu Kristi Far, miskunns Gud og all trøysts Gud, han som trøystar oss i all vår trengsle, med den trøysta me sjølve vert trøysta med av Gud." 2. Kor. 1, 3-4.

Å vera trøysta av Gud i all vår trengsla, så me kan gå gjennom livet sida om sida med all trøysts Gud, og som ein arming få hans trøyst, er ikkje det stort? Var det ikkje verd litt strid og strev å få kjenna hans mjuke hand over sitt såre sinn?

Men då er det også stort å få sjå innom døra til ein av dei som er trengde og som lir. Då kan me ikkje berre seia: Eg forstår deg, det er også stort - men: eg veit om hjelp for deg.

Gud gi oss då å få trøysta andre

med den trøyst me fekk av han. Kanskje det er noko av dette Paulus meiner når han seier desse underlege orda: "No gleder eg meg over mine lidingar for dykk. Det som enno vantar i Kristi-lidingar, det utfyller eg på mitt eige kjøt, for hans lekam, som er kyrkjelyden. For han er eg vorten ein tenar i kraft av den hushaldar-oppgåva Gud har gjeve meg for dykk: å fullføra Guds ord."

Kol. 1.24-25

Kristus leid for oss, og i hans liding fann me trøyst, livsens største trøyst. No skal du og eg få lida litengran trengsla for å hjelpa hans trengde små, me skal få vera Guds hand som tørkar våra, og Guds røyst som svaler og lækjer det sjuke sinn. Er ikkje det stort ?

Også ei tredje sida av den frukt som trengsla verkar hjå ein kristen vil, eg nemna. Ho er så herleg at Paulus rosar seg av trengsla. Han seier trengsla verkar tolmod, og tolmodet verkar røynsla, og røynsla verkar von, og vona gjer ikkje til skammar, fordi Guds kjærleik er utaust i oss ved Den Heilage Ande.

Trengsla lærer den kristne å vera roleg i livsens storm og strid. Hans augo vender seg mot eit betre land. Han trøytnar i verdi av verdi og ser med von mot sin rette heim. Han har lært å gråta roleg og tørka våra stilt mellom smil. Han forstår, betre enn før, den mannen som syng:

*"Aller deiligst hjemme er
når du gjennom tårer ser."*

No ser også du heimen klarare mellom tårer enn då du ikkje gret, og når songen om lammet tonar gjennom himmelens salar også frå din munn, då veit Guds englar at du syng fordi du er komen ut av den store trengsla og har vaska dine klede kvite i blodet av lammet.

Skulle ikkje dette vera svar nok på spørsmålet om kvifor me skal ha trengsla? Så tadt vender me augo ned i staden for opp, vårt sinn er for jordisk og våre spørsmål for verdslege, og så knurrar me der me skulle takka, og ser Guds strenge hand der hans faderarm mjuk og mild held oss oppe.

Nyleg stod eg ved ei seng der ei sjuk kvinne låg roleg og glad, og såleis hadde ho lege i meir enn 40 år utan å kunna røra ein finger. Men aldri høyrer nokon ein klage, berre takk til den Gud som alltid var god også mot henne. Der hadde Guds mening med trengsla nådd sitt mål. Måtte han nå det også med deg og meg.

Henta frå "Kristus vårt liv".

FORSONINGA

(Hebr. 9.15-28, 1. Johs. 2.1-2)

Av Odd Dyrøy

Dette er eit stort emne, og det er berre Den Heilage Ande som i egentleg forstand kan forklara forsoninga. Emnet er så stort og rikt for den som skal tale om det, at det er som å ause Atlanterhavet tomt.

Ein drope frå forsoningas hav kan lækje det største syndesår. Så mektig er det! Det er som songaren syng: "En evighet blir ei for lang til ham å prise med min sang." Tenk om Den Heilage Ande kunne trekke sløret litt til side, så vårt hjarte kunne fatte litt av dette som heiter forsoninga.

Guds vreide

Kva er forsoninga, og er det naudsynt med forsoning? For å kunne svare på dette treng ein spørje eit nytt spørsmål: Er Gud verkeleg vreid? Då er det mange som svarar: - Nei, det er han ikkje. Han er kjærleg, seier mange - og det er evig sant. Men me kan ikkje bruke våre tankar på verken Guds kjærleik eller vreide. Me lyt halde oss til Guds Ord - og der talar Gud om vreide

over synd heilt frå fallets dag. Vreiden var av ein slik art at det var ikkje eit einaste menneske som kunne sjå Gud og leva. Han har openberra sin vreide i Bibelen på ulike vis.

Guds vreide over synda har kvilt over menneskeslekta heilt frå syndfallets dag, då Adam og Eva blei utestengde frå Edens hage. Forbanninga kvilte også over Kain fordi han hadde slege bror sin ihjel, og opp gjennom tida møter me Guds vreide gong etter gong. Når Israelsfolket vende seg til avgudane, ser me korleis Gud då straffa dei. Me les om når dei i ørken ville ha kjøt, og alle dei Gud då slo ihjel. 27000 av Israelsfolket slo han ihjel på ein gong, fordi folket knurra.

Er Gud vreid? Ja, Bibelen seier han er ein fortærande eld mot all synd. Det er ingen som kan sjå Gud og leva, seier Skrifta. Me kunne teke mange døme frå Guds Ord om Guds vreide over synda og menneska. Skulle Gud ha handla med menneskeslekta slik som ho er etter si natur, så hadde ikkje eit einaste

menneske kunna fått nåde eller von om himmel og sæle.

Kva med Guds vreide i dag ?

I sin kjærleik kunne han ikkje forandre sin vreide, og i sin vreide kunne han heller ikkje forandre sin kjærleik. Korleis er det med Guds vreide? Held djevelen på å ta bort Guds vreide i dag ?

Djevelen forfører på same vis i dag som i Edens hage. I vår tid gjer han det på den måten at han tek Guds lov bort, slik at det ikkje er noko som heiter synd lenger. Ein slår litt og litt av på Guds heilage lov og Guds vreide over synd.

Kva skjer ? Mennesket blir ikkje lenger skuldig for Gud. Då kjem menneskeslekta i ein slik situasjon at dei treng ikkje forsoning. Dei treng ikkje nåde, dei treng ikkje eit nytt liv. Det er vel noko av det som gjer at vårt folk er kome så langt på fråfallets veg. Det er mest uhyggeleg, og dette fordi lovens Ord og Guds tale om synd er blitt borte.

Det er vel ikkje mange i dag som ropar: Gud ver meg syndar nådig! Eg trur det er gledestonar i himmelen når Guds vreide over synd får vekkje syndaren sitt samvit, slik at mennesket byrjar å sjå det Peter såg, og som alle Guds born får sjå: «Gå frå meg Herre, for eg er ein syndig mann !»

Ein annan gong seier han: - Herre

frels! Eg går under! Eg trur det var fine tonar å høyre i himmelen. Å kor eg skulle ynskje at desse tonane begynte å kome fram att i bygdene, i heimane, i kyrkje og bedehus. Vi ber om vekking, og det har vi visst all grunn til, men det skjer berre på denne veg, der synda blir ein realitet, der det vert naud i hjarta.

Det var denne vegen dei därlege móyane, som står omtala i Matt. 25, var komne inn på. Guds vreide får ikkje vekkje samvitet, og så ser dei ikkje at forsoninga er noko som ligg ferdig. Vegen mot himmelen blir då ein menneskeleg veg. Menneska vender seg til Gud i staden for å leve i synd og verdslegdom, og byrjar å leve eit kristeleg liv, og så reknar folk med at dette er i orden. Her ligg farane nær. Mange, mange er det som hamnar på denne veg. Dersom ikkje slike hjarto kjem i kontakt med Guds vreide over synd, og blir oppvekte av lovens ord, så vert dei aldri berga. Kor velmeint det er, kor gjerne dei vil til himmelen - men blir dei ikkje vekte opp, vil sjela går evig fortapt.

Tenk å leve heile sitt liv, kort eller langt, i dei beste og frommaste gjerningar, og så ein dag få høyre: Gå bort, gå bort - eg kjenner dykk ikkje. Det seier Guds Ord skal skje med mange. Forsoninga er noko mykje meir enn du og eg kan fatte og forstå. Guds vreide over synd kan aldri

menneskeslekta erstatte, menneska kan aldri bringe til opphør Guds vreide over synd.

Har du vore i sjelenaud ?

Guds Ord talar om ein mellommann, om ein som vart sett inn i staden. Det er dette som er forsoninga sitt under - du forunderlege Gud. Det er eit under dette at menneskeslekta blir berga og frelst til himmelen og skal prise han gjennom æva.

På Golgata er det ein lærer den nye songen, og det er berre Den Heilage Ande som kan få leggje inn denne songen. Guds vreide står fast, men forsoninga står også fast. Då Gud skulle forsona, så kunne han ikkje venda seg til eit einaste menneske. Johannes fekk sjå det: Det var ikkje ein i himmelen, på jorda eller under jorda som var funnen verdig for Gud.

Då gret Johannes sårt. Denne gudfryktige apostel hadde levd med Gud heilt frå sin ungdom, og no ligg han 90 år gammal og gruar og gret, fordi ingen var funnen verdig. Kva såg han då ? Han såg seg skuldig for Gud, og såg at kom det ikkje ein som var verdig, så gjekk han evig fortapt.

Det hjarta og det samvit som har vore i ei slik sjelenaud, kan syngje: - «Da jeg var i sjelenød, var den hele verden død.» Eg hadde så hug til å få spørje deg som er her i dag og

som sit for Guds åsyn: Har du nokon gong vore i sjelenaud ? Har Herrens Ord, og Den Heilage Ande fått tale til ditt hjarta slik at du kom i sjelenaud ?

Eg trur det er mangelvare i dag. Kvart einaste menneske må kome i sjelenaud, det er ikkje veg utanom. Det mennesket som ikkje kjem i sjelenaud i nådens tid, det kjem i sjelenaud i æva.

Bibelen talar om Lasarus og den rike mannen. Der har me to hjarte-forhold og to typar. Den eine i sjelenaud i nåden si tid - Gud er min frelsar; den andre var i fest og glede nokre korte år, men på den andre sida var sjelnauda slik at han ropa om ein drope vatn.

Tenk! Forsoningas hav, men han fekk ikkje ein drope. Det var for seint ! Men då er det godt at no i nåden si tid kan menneska få møte forsonaren. Kven er det som har bruk for forsoninga ? Jau, det er slike som songaren syng om: «Da jeg var i sjelenød, var den hele verden død, ingen ville, ingen kunne, hjertets dype jammer stille.» Men han syng vidare: «Jesus han har milde ord som leger, sterke Ord som frelser her.» Dette skal du vite, om du er komen her som er i sjelenaud.

Eg snakka med ei kvinne ein gong. Ho hadde gått og høyrt Guds ord - og så blei det så vondt. Ho fann ikkje fred, og ho fann ikkje

kvile. Så seier ho til talaren ein dag:
- Eg har det så frykteleg vondt.

Talaren svara: -Pris skje Gud ! - Då blei eg endå meir forskrekka, men dette blei mi redning, fordi eg fekk det så vondt at eg måtte til Jesus. Ho måtte til sjelelegen med si hjartenaud, og dermed rann lyset for hennar hjarte, og ho fekk sjå inn i evangeliet.

Forsonaren

Me høyrer så mange gonger at ein må snakke om noko anna enn om Jesus, om blodet, om krossen. Men det er därskapen sin tale, sjølv om mange seier det. Djævelen er blitt så lur at han tek bort krossen. Først tek han bort Guds vreide over synda, slik at hjarta ikkje kjem i syndenaud. Så tek han bort blodet og krossen, og så erstattar han dette med anna, sjølv om det er det einaste som Gud har sett inn til di og mi frelse, for tid og for æva.

Kva seier apostelen Peter ? - Det finst ikkje noko anna namn under himmelen som me kan verta frelste ved, enn Jesu namn. Det inneber krossen - som er ein därskap for dei som går fortapt, men ei Guds kraft til frelse for kvar den som trur. Det måtte renne blod då Guds vreide blei openberra, Gud kravde soning for synda. Guds Ord seier at utan at blod vert utrent, får ingen forlating for synd.

Når Gud stig inn i verda, blir han fødd under lova for å kjøpe dei frie som var under lova. Kven var under lova ? Kvart einaste menneske var under lova, vreiden, døden og dommen. Ser du det ?

Her stig ein inn som er lik oss i alle ting. Han går inn under våre kår, og han går den veg Gud har behag i. Han elskar Gud over alle ting, medan kvart menneske er under forbanning fordi dei ikkje held ved i alt det som står skrive i lova.

No kom det ein person som vandra på denne jord. Han gjorde i alle ting det som lova sin bokstav kravde, ikkje berre i det ytre, men og i sitt hjarta. Over alle ting elskar han Gud - og nesten som seg sjølv.

Det viser han tydeleg på Golgata kross, som songaren syng: "Han glemte seg selv mitt i døden. Han ofret det allting for meg." Så gjekk han inn i heilagdomen som var stengd for slekta, der gjekk han inn som føregangs mann.

Ein open himmel

Det hadde ikkje vore gildt, ja me har kjent det av og til, å kome til hus som vert lukka, ein vil ikkje ta imot oss. Det er svært å oppleve på jord - men det er berre eit svakt bilet på kva som har skjedd hos Gud. Himmelten var stengd, og det var all god grunn for at den var stengd. Eg og

du har berre tretta han med synd og misgjerning.

Så gjekk Jesus inn i din og min stad, inn i heilagdomen med sitt eige blod. Kva verknad hadde det for deg og meg? Det verka slik at dørene blei opna på vid vegg, og forhenget i templet rivna ovantil og heilt ned. Han gjorde fred med sitt blod, og han fann ei evig utløysing. Kven for? For seg sjølv? Nei. Det var for deg og meg. Til innleiing las me: Han er ei soning for syndene våre, og det ikkje berre for våre, men for alle i heile verda.

Tenk om hjarta ville leggje øyra til denne bodskap - til det som er ved Sonen gjort. Å, for ein rikdom som ligg i dette. Dei kår som Jesus hadde hos Gud, dei har eg og du fått. Undrar du deg? Er det sant? Ja, det er sant. Høyr kva han seier når han har drege forsoninga vel i hamn. - Eg går heim til min far, og dykkar Far, til min Gud og dykkar Gud - forsoning. Å, for ein nåde!

Så går vi her og slit med så mange ting. Vi ser på vårt eige hjarta, vi ser på vårt eige liv, og så ser vi på alt som mislukkast. Vi skal få lov å sjå på det, men vi skal få lov å setja det til side. For Gud sette det til side, og så sette han inn ein annan person.

Vitnesbyrd om forsoninga

Det er dette apostelen Paulus vit-

nar så frimodig om i Galatarane 2.20: "Det liv som eg no lever i kjøtet - det lever eg i trua på Guds Son, han som elskar meg og gav seg sjølv for meg." Du kan tru du er velkommen til å leve der, til å leve i han, og leve av han som elskar deg og gav seg sjølv for deg. Han ville at eg og du skulle få leve her.

Du kan vere viss på at her vert kampen hard. Her vil ikkje kjøtet leve, her protesterer vitet, her har du verda, djevelen og alle vonde åndsmakter imot. Den som lever i Jesus, har sitt liv i han, sin fred i han, sin rikdom i han - korleis går det med slike hjarto? Dei kan ikkje noko anna enn vitne om dette.

Det er dette vitnemålet som kan vekkje døde syndarar - eit levande vitnemål. - Vi har sett, vi har funne, vi har fått teke imot. Det var det som fødde syndarar til frelse før. Berre tenk på Johannes og Andreas då dei hadde fått sett inn i forsoninga sitt under hos Jesus, så går dei og finn Simon Peter, og så finn dei fleire. Slik gjekk dei like til sin siste dag.

Tenk på kvinna ved Sykars brønn som hadde fått flytte inn i forsoninga. Korleis gjekk det? Ho sprang inn i byen og fortalte om forsoninga i Kristus Jesus, og det blei vekking. Vekking skjer ikkje på grunn av tiltak frå deg og meg. Vek-

kinga skjer ved eit møte med Jesus, ved det aleine og ikkje noko anna.

Så er det på ein måte enkelt, og på same tid vanskeleg, dette med forsoninga. "Å salige stunder som Jesus oss gir, Når soningens under rett og klart for oss blir, Når Ordet forkynner vårt evige vel, Når nær han vil være Å vekke og lære og trøste vår sjel.". Vi blir aldri ferdige med underet - forsoninga.

Ventar du på forsonaren ?

I det me las står det om to slag openberring. Først openberra han seg som forsonar og frelsar for oss, og så gjekk han heim til himmelen med eit ferdig verk. Han set som vår yppersteprest med si forsoning innfor Guds åsyn.

Andre gongen skal han så vise seg som frelsar for evig. Då skal han hente heim og berge desse som har fått del i forsoninga, og som har fått flytt inn i nåden og har tvege sine kjortlar og gjort dei kvite i Lammets blod. Dette blodet som du og eg kan få leve i og vandre under kvar einaste dag. Det er fred, frelse og frimod for Gud. I Jesu blod har me frimod til å gå inn i heilagdomen, og i dette blod skal du og eg få leve under i alle livets forhold.

Å trø dette forsoningsblodet under sin fot i vantru og forakt, det er forferdeleg. For dei som lever der, skal det verta svært å falla i den le-

vande Guds hender. Kor forferdeleg dette er, ser du når du ser på Jesu kross. Han som er Guds eigen son får oppleve Guds vreide, og då er det ingen nåde. Kvart einaste menneske som skal møte Gud aleine, han får den same dom som Jesus fekk, det er grueleg.

Men no har Jesus teke denne dom på seg, så du og eg skal gå fri. Han tok synda bort frå Guds åsyn, og reiv ned skiljeveggen, fiendskapen. For den som har fått del i forsoninga, blir det song gjennom æva, om kva Gud har gjort i Jesus Kristus.

Det er berre så svært når vi skal vitne om dette. Vi synest ikkje vi får fram denne bodskapen på noko vis. Det vert så ynkeleg og skrøpeleg, men så er det så velsigna godt at det kan verta nok når Herren får velsigna.

Det var ikkje mykje dei hadde dei som metta 5000 i øydemarka, to fiskar og fem brød, men ein drope er nok til kvart eit hjarte når Herren får velsigne det. Snart skal vi få sjå det fullkome, og då skal det ikkje vere dråpar - vi skal få sjå han som han er, vår forsonar.

*Utdrag frå tale under sommarskule
på Randberg.*



Guds nåde i sannhet

Mel.: Jeg så ham som barn med det solrike øye.

*Fra den dag vi lærte i sannhet Guds nåde
Guds hellighets lys i vårt hjerte fikk ráde.
Gud viste oss selv i forførelsens snare.
Vår synd og fortapthet vi da fikk erfare.*

*Ved Guds ord og Ånd med fullkommenhets kravet
vi dødes med alt vårt i egenkrafts kavet.
Vår bønn til vår Gud blir «som tolleren gjorde»
Vår eneste trøst er nå Jesus i Ordet.*

*Da står vi som treet ved rinnende bekker.
Vi hungrer og tørster og hendene rekker
Mot Jesus Vårt Liv som for Gud gjør oss verdig
og har ifra evighet gjort oss rettferdig.*

*Vi drikker og drikker Det levende vannet.
Som søsken i Herren vi vet oss ei annet.
Nå vil og nå kan vi sant vitne for andre
at Jesus kan Synder til Gudbarn forandre.*

*Men har vi i dag denne visdom i hjertet?
Gud selv oss advarer med omsorgens smerte.
Se ulver i fåreklaer virker i verden
blant sjeler i livet på evighetsferden.*

*Koloss. 1, 6
Kristoffer Høie 1995*

Gjennom kors og trengsel

Av Dag Rune Lid

Om ein ser attende i kyrkjehistoria, så vil ein erfara at det me opplever i dag, det samsvarar med det som står i Forkynnaren 1.9: "Det som har vore, er det som skal verta. Det som er hendt, er det som skal henda. Det finst ingenting nytt under sola." Derfor er det nyttig å sjå kva som har hendt før. Eg vil derfor i dette stykket ta med nokre glimt frå den tyske presten Johan Arndt sitt liv, som står omtala i boka "Den sanne kristendom".

I år er det 440 år sidan han kom til verda. Han var fødd den 27. desember i 1555, og faren døydde allereie då han var 10 år gammal. Venner av familien tok seg av guten, slik at han fekk skulegang, og i året 1583 blei han prest i Ballensstedt og Badeborn. Her var han i 7 år, og forkynte Guds Ord. Til slutt førte dette til at dei reformerte fordrev han derifrå på grunn av hans truskap mot den lutherske læra.

Mykje motgang

Men Gud sytte for han, og han fekk nytt kall i Quedlinberg kor han arbeidde i 9 år, og deretter i 10 år i Braunschweig. Men også her møtte han mykje motgang og fiendskap

frå sine motstandarar. Her var det han begynte på sitt omfattande forfattarskap og si første bok av "Den sanne kristendom".

Boka blei av mange motteken med begeistring og takksemd mellom dei vanlege kyrkjegjengjarane. Men frå embetsbrør reiste det seg sterkt motstand, som etter kvart vokste til forbitring og hat både mot boka og forfattaren. Han blei skulda for både vranglære og svermeri. Hans tale om gjenføding, om fornying, om det gamle og det nye menneske osv. var framand tale for mange.

Det blei også ei tung og vanskelig tid for han i Braunschweig, ikkje berre pga. forfølging av hans person, men også fordi byen var beleira frå hertugen si side. Under denne blei Johan Arndt så mishandla av ein rå soldat, medan han var ute i sjukebesøk, at han blei sjuk og sengeliggjande, og feberen så høg at kona frykta det verste.

Draumen

Under denne sjukdommen hadde han ein underleg draum, og den er her gjengitt som den står i boka:

"Jeg drømte", begynte Arndt sin fortelling, "at jeg var på en lang reise

i et land som ennå var fullstendig udyrket. Jeg bar en stor vandringsstav og en pilgrimsdrakt og gikk hurtig utrettelig opp de bratteste fjell. Da kom jeg til slutt til en vidstrakt fjellslette, som var omgitt av mektige trær rundt omkring. Jeg følte meg nå trett og satte meg i det bløte graset, hvis blomsterprakt overgikk all den skjønnhet som mitt øye noen sinne hadde sett.

Plutselig fikk jeg øye på et kors foran meg, og på det hang Guds døende Sønn. Øynene hadde han lukket, men fra sidene hans rant fremdeles enkelte blodsdråper. Da jeg i smertelig andakt var liksom hensunket i dette syn, oppstod det en støy på begge sider. En stor flokk mennesker viste seg og dannet en ring om korset, og midt i reiste det seg en domstol, som en mann med et selsomt utseende steg opp på.

“Tal!” ropte han til mengden, “hvem er det som henger på korset der oppe?” Og nå hørtes de forskjellige stemmer om hverandre. Men mannen på stolen vinket med hånden, påbød stillhet og befalte at hver enkelt skulle avgjøre stemme. “Han er tømmermannens kjødelige sønn,” sa nå den ene. “Han er Marias naturlige barn,” sa en annen.

“Han bedrar seg selv og holder seg for Guds sønn,” sa en tredje.

“Ja, han er det som alle vi andre er,” sa en fjerde.

“Han er inntatt av jødiske fordommer,” sa en femte.

“Han forneder mennesket under dets verdighet,” sa en sjette.

Nå trådte det fram mange unge kvinner, som var halvt kledd som menn. De rakte opp hendene og sa, den ene etter den andre:

“Han innskrenker kvinnens naturlige frihet.” “Han gjør ekteskapet til et tvangsforbund.” “Han vil oppdra våre barn til svake uslinger.” “Han utelukker kvinnan fra folkets råd.”

“Han gjør menneskeheden til kristelige tjenere.” “Vil hans ord,” spurte mannen på stolen, “bestå i all evighet?” “Aldri!” ropte mengden. “Menneskeheden vil bære disse lenker en lang tid; men den frie kjærlighet vil gjøre den fri troens trykk!”

Nå oppstod en stillhet, og alle så opp på korset. Da smilte Herren mildt, men med dyp smerte. Så bøyde han sitt hode og døde.

Da folkemengden så det, før en mektig skrekk gjennom dem, og før de virkelig kunne fatte hva som skjedde, var alle jagd bort liksom en stormvind, og ingen kunne sees på noen kant. Den døende Frelsers smil hadde fordrevet korsets fiender.

Men domstolen var blitt stående, og en engel steg opp på den og bredde ut vingene sine. De vokste, som vingene på den nyfødte sommerfugl, og bredde seg snart så vidt ut at

det dekte hele jorden og nådde helt til himmelen. De lot det bare være plass til korset. Og over dette strålte et gyllent lys, hvis glans ikke hadde sin like på jorden. Og engelen rakte opp sin høyre hånd og sa: "Se Guds Lam som bærer all verdens synder! Han vil komme for å dømme levende og døde!"

Derpå hørte jeg en himmelsk sang, liksom av tusen og etter tusen stemmer. De sang Johannes' ord: "Verdens riker er blitt vår Herres og hans Salvedes, og han skal regjere i all evighet!"

Og da det nå lød et mektig amen gjennom det uendelige himmelrommet, så jorden skalv, sank jeg ned på kne og sang med i de himmelske hærskarers store halleluja. Da våknet jeg."

Livskveld

Forholda i Braunschweig blei etter kvart nesten uuthaldande for den verksame sjælesørgjaren. I 1606 skreiv han til sin gode ven Johan Gerhard: "Tilstanden i byen er slik at jeg har avsky for den og søker anledning til å komme herfra - Hvis jeg ikke hadde min gode samvittighet og den Herre Jesus Kristi og apostlenes eksempel, kunne jeg ikke ha levd." Seinare skreiv han til Gerhard: "I to år har jeg ikke hatt en god dag. Jeg hadde ikke trodd at det

blant teologene var så giftige og onde mennesker."

I 1609 flytta han så til Eisleben, og han fekk ei rolegare tid, og her fekk han tid til å skrive meir og etter kvart fekk han også eit godt om-dømme, ikkje berre i Tyskland, men det kom folk frå andre land for å besøkje han. Også mellom teologane blei det omslag, studentane byrja å lese hans bøker, og i 1611 blei han kalla til prest og generalsuperintendent, noko tilsvarande biskop over fyrstedømmet Luneberg.

I ti år verka han i denne stillinga. Den 3. mai 1621 heldt han si siste preik over den 126. salmen: "Dei som sår med gråt, skal hausta med glederop." Då han kom heim, sa han til kona at han hadde halde si likpreike. Han fekk ein svær halssjukdom og lungebetennelse med sterk feber. Like før han døydde bad han den 143. salme: "Herre, gå ikkje i rette med din tenar! For ingen som lever, er rettferdig for ditt åsyn."

Det blei då lese for han kva som står i Joh. 5.24: "Den som høyrer ordet mitt og trur han som har sendt meg, har evig liv. Han kjem ikkje for dommen men har gått over frå døden til livet." Etter at han så hadde slumra ei stund slo han atter augo opp og sa glad: "Vi så hans herlighet, en herlighet som den enbårne sønn av Faderen, full av nåde og sannhet." Då kona hans spurde når

han hadde sett denne herlegdommen, svara han: "Nettopp nå har jeg sett den. Hvilken herlighet! Hva intet menneske har sett og intet øre har hørt, og som ikke er oppkommet i noe menneskes hjerte. Denne herlighet har jeg sett."

Då klokka slo ni om kvelden den 11. mai, sa han: "Nå har jeg over-

vunnet." Dette var hans siste ord. Han fall så i djup søvn, inntil han vakna mellom klokka 11 og 12 om natta og drog sitt siste sukk. Ein trufast Herrens tenar var gått heim, men det han hadde skrive fekk vere til velsigning for Guds folk i mange århundre framover.



SPOTT MOT ÅNDEN

"Derfor sier jeg dere: All synd og spott skal menneskene få forlatelse for, men spott mot Ånden skal ikke bli forlatt. Den som taler et ord mot Menneskesønnen, skal få forlatelse. Men den som taler imot Den Hellige Ånd, skal ikke få forlatelse, verken i denne tidsalder eller i den som kommer." (Matt. 12,31-32).

Dette skriftstedet har mange ærlige og søkerne kristne vanskelig for å forstå. Det står at den som taler imot og spotter Den Hellige Ånd ikke skal få forlatelse. Mange ærlige kristne som vil leve sitt liv i syndenes forlatelse hos Jesus, kan komme i situasjoner hvor de tror at de har

syndet mot Den Hellige Ånd. Og Satan nører opp under dette ved å henvise til slike skriftord og holde opp for en at det ikke er forlatelse å få for denne synd. Da kan en komme i sterkt anfektelse og bli svært fortvilet, og en søker og leter i Skriften om det forholder seg slik.

Jeg vil trøste deg med at det sikkreste tegn på at en ikke har syndet mot Ånden, det er at en kjenner på denne uroen i sitt hjerte. Det er Den Hellige Ånd som virker uroen i hjertet, for at du skal gjøre opp din synd med Gud. Det harmonerer også med alt som står i Bibelen, at Jesus vil at du skal bli frelst.

I Hebr.3,15 står det: "Når det blir sagt: I dag, om dere hører hans røst, da forherd ikke deres hjerter som ved forbitrelsen..." Når en hører Guds røst, så må en gjøre opp sin sak med Herren, for det er ikke sikkert en får noen ny anledning siden.

Hvis en har talt imot eller spottet Den Hellige Ånd, kjenner en ikke noe uro eller kall fra Gud. For da har Ånden forlatt en. Det kan skje ved at en står imot Åndens kall til omvendelse gjentatte ganger, slik at en til slutt ikke hører noe kall til omvendelse lenger. Da har Ånden forlatt en, og da har en syndet mot Ånden. Når slike kommer under Ordets forkynnelse, så vil de fortsette å spotte og snakke nedsettende om Guds Ord.

I 1.Joh.5,16 står det: "Dersom noen ser sin bror gjøre en synd som ikke er til døden, så skal han be, og han skal gi ham liv - det vil si dem som synder, men ikke til døden. Det finnes synd som er til døden, det er ikke om den jeg sier at han skal be." Dette ordet sier det samme som det

vi leste fra Matt.12,31-32. Og her oppfordres vi til å be for en bror eller søster som har syndet, slik at de fortsatt kan få bli i sitt barnekår hos Jesus. Det er et forbehold derimot når det gjelder dem som har syndet til døden. Men kjenner du på uro i ditt indre, så er du ikke blant dem som har syndet til døden. Da er det et kall til omvendelse fra synd.

Derfor vil jeg formane oss alle til at vi ikke må stå imot Åndens kall til omvendelse. Hvis vi gjør det mange nok ganger, vil vi til slutt ikke merke noe av Åndens kall. Da har vi syndet til døden og blir forlatt av Ånden.

Jeg ville dele disse versene fra Bibelen med dere, for det har vært til stor trøst i mitt liv med Jesus.

Karl Almli





Misjonsarbeidet i Peru !

Bibelseminar 28.-30. april 1995

I slutten av april skal det være et Bibelseminar i Arequipa. Det er samarbeidskirken til Lekmannsmisjonen, Iglesia Evangelica Luterana Nacional (IELN), som innbyr til samling om Guds ord. Seminaret finner sted i bydelen Alto Selva Alegre hvor IELN startet opp sitt arbeid i 1991. Jon Espeland reiser som Lekmannsmisjonens representant for å være med på seminaret. Sammen med ham reiser også Reidar Linkjendal. Han finansierer selv sin egen reise, men er med som representant for Lekmannsmisjonens landsstyre. Utreisedato blir 25. april med retur 10. mai. Brødrene i Peru har ytret ønske om å få treffe og bli kjent med flere av Lekmannsmisjonens venner. Vi er derfor glade for at det nå har lagt seg til rette med dette besøket. Linkjendal vil tale over følgende emner i Peru: "Rettferdig gjort ved tro", "Fred med Gud" og "Forlikelsens tjeneste". Han vil bli tolket av Espeland. Jon Espeland skal tale over emnene "Kristus, vår rettferdighet" og "Salig er den mann som Herren ikke tilrekner synd".

Det beste vi kan gi de nye kristne

i Peru er Guds ord. Vi fikk det selv for intet og det er en stor glede å få være med å gi det videre. Vær med å be om at Guds ord disse dagene må få nå inn til hjertene og gjøre sin gjerning.

Samtaler med nasjonale ledere

Jon Espeland vil ellers ha samtaler med lederne i kirken. Det viktigste bidraget vi kan gi kirken nå er forbønn og åndelig veiledning. I et ungt arbeid møter lederne mange vanskelige situasjoner og mange prinsipielle avgjørelser skal tas. Det er så viktig at arbeidet blir tuftet på Guds ords klippegrunn. Mange farer lurer på de nye kristne. Sjelefonden er på plass også i Arequipa i Peru. Han ønsker å knekke og kvele den spede spire som har begynt å vokse fram på Guds åkerland. Synd, verdslighet og almenreligiøsitet er like farlig og nærliggende i Peru som i Norge. Her ønsker vi å være en støtte og hjelp for dette arbeidet som vokser fram, og som er en frukt av forkynnelsen av evangeliet. Det er dette ansvaret Herren nå har lagt på oss i Lekmannsmisjonen.

Undervisningsmateriell til grunnskole

Den nasjonale kirken IELN driver en privat folkeskole i Arequipa. Skolen har i overkant av 200 elever fra førskoletrinnet og opp til 6. klasse. Men skolen er under utbygging og vil gi et tilbud til barn helt fra 4 til 17 år når den står ferdig om noen få år. Elevtallet vil da bli betydelig større enn det er i dag. Det er IELN som eier og driver skolen med statsstøtte fra peruanse myndigheter. Støtten gis i form av lønn til lærerne. På denne måten er driften av skolen sikret uten at foreldrene må betale høye egenandeler for barna sine. Dette er veldig viktig, fordi skolen drives i et svært fattig område. Det er en skole der IELN ønsker å gi de fattige barna en fullgod undervisning, samtidig som de vil nå dem med budskapet om Jesus. Og gjennom barna er det et ønske om at budskapet kunne nå inn i heimene og at Jesus kunne få foreldrene i tale. Formålet med skolen er først og fremst at den skal være et redskap for evangeliet.

Undervisningsmateriellet må skolebarn i Peru holde selv. Det er ikke som her i landet at de får lærebøker og skolemateriell på skolen. Og siden barna kommer fra fattige heimer, er det så godt som ingen som har råd til lærebøker. De fleste barna har bare blyant og kladdebok

og skriver av det som læreren skriver på tavla. Noen annen lærebok enn kladdeboka si har de gjerne ikke. For å hjelpe i denne situasjonen har IELN søkt Lekmannsmisjonen om hjelp til å kjøpe inn lærebøker og undervisningsmateriell til kristendomsundervisningen. Dette ble behandlet i Landsstyret lørdag 4. februar. Landsstyret ser dette som en fin anledning til å være med å så ut Guds ord og bevilget kr 15 000,-, som var det beløpet det var søkt om. Beløpet innebefatter også en del materiell til søndagsskolen som kirken driver.

Det videre samarbeidet med IELN

Landsstyret i Lekmannsmisjonen drøftet et forslag til samarbeidsavtale mellom NLL og IELN på sitt møte den 4. februar. Dette forslaget vil bli lagt fram for årsmøtet i NLL sommeren 1995. Dersom årsmøtet vedtar samarbeidsavtalen vil denne danne grunnlaget for det videre samarbeidet med IELN i Peru. Samarbeidet og NLL's økonomiske støtte til IELN vil da gå inn i mer permanente former. På bakgrunn av årsmøtevedtaket i 1994 har Landsstyret arbeidet videre med ytremisjonsarbeidet, og det er gitt en begrenset økonomisk støtte til IELN.

Mot påske

*Se hvor nu Jesus treder
Hen til den morderstad,
Enskjønt man ham bereder
Så stort et blodebad.*

*Enskjønt med guddoms-øye
Nu fengsel, kors og nød
Han forut skuer nøye,
Ja, ser sin visse død.*

*Dog vil han fri i sinne
Mot sine fiender gå,
Han vet han skal dem binde
Og evig seier få.*

*Til lykke, ja, til lykke,
Min konge, gå av sted
Min død å undertrykke!
Ha takk i evighet!*



Gratis abonnement !

Bladet Lov og Evangelium er gratis og kjem ut med 10 nummer i året. Ynskjer du å abonnere på bladet eller veit du om noko som du trur ville ha glede av bladet, så ring eller skriv ned navn og adresse under og send det til ekspedisjonen. Me sjekkar alle navn som kjem inn, om dei har bladet frå før.

NAVN	ADRESSE

Ekspedisjonen : **Lov og Evangelium, 5600 Norheimsund, tlf. 56552672.**

Vennligst gi ekspedisjonen beskjed i god tid ved adresseforandring.

Til orientering

Møte mellom NLL/ NLM

På invitasjon frå leiinga i NLM var representanter frå Landsstyret i NLL i Grensen 19 på eit møte i november 1994, og samtalte om misjonsarbeidet som no har lagt seg til rette for NLL i Peru. I den samanheng var det behov for å få avklart

ein del praktiske spørsmål. Ein kom under samtalen også inn på forholdet mellom NLM og NLL her heime. Me er takksame for invitasjonen og for eit positivt møte, som me trur vil vere med å fremje ei normalisering også her heime.

Angåande ny layout på bladet

Det er i år 30 år sidan det første ordinære nummeret av bladet kom ut. I desember 1964 blei det gjeve ut eit prøvenummer, men det første ordinære nummeret kom i februar 1965.

Layouten på bladet har vore uendra sidan då, bortsett frå at første året heitte bladet "Lekmannsmisjonen". Som de no kan sjå, så har me prøvd å endra layouten og utvida bladet.

Ein har alltid ynskt at bladet skal vera til vekking og oppbygging, og

me ynskjer at det også kunne få vera slik framover. Guds Ord seier at trua kjem av forkynninga, og det er difor viktig at bladet kan få vera med å fylla denne funksjonen.

Det har også vore ynskje frå mange om å få litt meir orientering frå bl.a. Bibelskulen på Fossnes, og frå misjonsarbeidet, som no har lagt seg til rette i Peru. Me ynskjer difor å gje rom til orientering frå arbeidet når så er aktuelt, og bladet er difor utvida med 4 sider.

Landsstyret

Returadresse:

**LOV og EVANGELIUM**
5600 Norheimsund tlf. 56 55 26 72

Trykk: Øystese Trykkeri
5610 Øystese